



Valdansvarlege

Vår ref.
25/414-17

Dykkar ref. Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi

Direktenr

Arkiv
K2-K40

Dato:
14.06.2025

Delegert administrativt
Formannskapet

Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Årdal 2025

Kort samandrag:

Bestandsplan for hjort, elg og rådyr i perioden 2025-27 vart godkjend av Årdal kommune 5. juni. Denne ligg til grunn for løyvetildelinga i planperioden.

Vedtak:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt tildeler Årdal kommune følgjande fellingsløyve i 2025:

- 244 fellingsløyve på hjort
- 11 fellingsløyve på elg
- 20 fellingsløyve på rådyr

Endringane i Eldegarden-valdet er ikkje vedteke endå, og løyvetildeling til desse områda vert gjort når vedtak er fatta og valdkarta teikna. Tildelingane vil for desse valda følgjer arealkrava i godkjend bestandsplan, og det vert difor ikkje fatta nytt tildelingsvedtak til desse.

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §16 tillèt Årdal kommune at alle valda som er medlem i Årdal bestandsplanområde kan nytta alle tildelte fellingsløyve for hjort i planperioden, uavhengig av år.

Vedlegg:

Informasjon om hjort-, elg- og rådyrjakta i Årdal 2025

Løyvetildeling Årdal 2025 - hjort

Løyvetildeling Årdal 2025 - elg

Løyvetildeling Årdal 2025- rådyr

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Saksutgreiing/vurdering

I all hovudsak ligg vurderingane for løyvetildeling i bestandsplanperioden 2025-27 i saka om godkjenning av bestandsplanen frå 5. juni 2025. Det er nokre søknadar om endring av vald som, grunn kartutfordringar, ikkje er handsama enda. Dette dreier seg om at Eldegarden-



valdet vert delt opp i fleire vald. Dette burde likevel ikkje vera ein stor utfordring, vedtak om nye vald vil verta gjort i god tid før jakta startar, og tildelingane vil følgja oppsettet/arealkrava i godkjend bestandsplan. Oversikt over tildelingane til valda ligg i vedlegga.

Omsyn til smitteførebygging for skrantesjuka er framleis premissleverandør for forvaltinga av hjort og elg i Nordfjella-regionen. Høgt uttak, omfattande prøvetaking og låge bestandar er ønskja av sentrale styresmakter. Nordfjella er framleis i det som vert kalla brakkleggingsperioden. Kommunane er bedne om å leggja til rette for høgt uttak. Områda kring Nordfjella og Hardangervidda har i 6 år hatt utvida jakttid på hjort og elg grunna skrantesjuka. Miljødirektoratet har ny forskrift om utvida jakttid på høyring, med frist 16. juni. Informasjon om eventuell utvida jakttid vert også ettersendt valda når dette er avklart.

I åra med fokus på smitteførebygging for skrantesjuka har valda i bestandplanområdet hatt moglegheit til å nytta alle fellingsløyva for hjort uavhengig av år i planperioden. Det er også uavgrensa moglegheit til å flytta fellingsløyva mellom valda som er med i samarbeidet. I Årdal gjeld dette alle driftsplanområda utanom Utladalen, som kunn kan flytta løyve internt i driftsplanområdet. Det vert lagt til grunn vidareføring av dette også denne planperioden. Etter godkjent fordeling av fellingsløyve i bestandsplanen, vert det delt ut 244 fellingsløyve for hjort, 11 fellingsløyve for elg og 20 fellingsløyve for rådyr. Løyva til areala i gamle Eldegarden-valdet vil koma i tillegg til desse.

Sjå eige vedlegg med utfyllande info om jakta og ulike ordningar. Fordeling av fellingsløyve til alle valda i kommunen er lista opp i vedlegga.

Kommunedirektøren tilrår følgjande løyvetildeling i 2025:

- 244 fellingsløyve for hjort
- 11 fellingsløyve for elg
- 20 fellingsløyve for rådyr

Etter gjeldande delegasjonsreglement og avtale om felles landbrukskontor, vurderer kommunedirektøren at saka kan handsamast administrativt. Det er gjeve mynde til kommunedirektøren å handsama kurante saker i avtale om felles landbrukskontor.

Klagerett:

Vedtaket kan etter forvaltningslova §28 påklagast. Klagefrist er 3 veker frå De er kjent med vedtaket. Eventuell klage sendast til:

Årdal kommune
Statsråd Evensensveg 4
6885 Årdalstangen

Eller på e-post til postmottak@ardal.kommune.no



Med helsing

Magnhild Aspevik
landbrukssjef

Knut Fredrik Øi
Sakshandsamar Felles Landsbrukskontor
ÅLA

Vedlegg:

Informasjon om hjort-, elg- og rådyrjakta i Årdal 2025

Løyvetildeling Årdal 2025 - hjort

Løyvetildeling Årdal 2025 - elg

Løyvetildeling Årdal 2025- rådyr